


## Rettleiing i korleis søkje SFO-plass i Visma Flyt Skole.

Frå og med våren 2021 skal alle nye søknadar til SFO gå via Visma Flyt Skole. Dette gjeld òg endring og oppseiing av plass.

Nedanfor finn du ei rettleiing i korleis gjere dette.

Har du spørsmål, ta kontakt med skulen.

1. Gå inn på <https://skole.visma.com/vaga>
2. Logg inn med ID-porten. Da blir du sendt vidare til pålogging med BANKID eller MINID.
3. Når du er logga inn, kjem du direkte til ei side med oversikt over dine barn i Vågåskulen.



4. Her ser du oversikt over barna dine, kven som er kontaktlærer og korleis du kan kontakte vedkommande. I dette biletet vil du òg kunne endre kontaktinformasjon om deg sjølv og barna og du kan søkje om plass på SFO via knappen SFO. Utover våren og hausten vil det kome ulike samtykkeskjema inne på denne sida, men dette vil de få beskjed om.
5. Inne på søknadsskjemaet kan du velja mellom opphald over eller under 15 t/v, enkeltdagar, enkelttimar eller sommar-SFO. Merk at sommar-SFO i år er på eiga papirskjema som alt er sendt ut.  
Viktig at du legg inn startdato, da dette genererer fakturagrunnlaget for første faktura. Felt med raud stjerne må skrivast i.  
Elles er det veldig fint om du presiserer opphaldet så godt du kan med dagar og tal timar heildag onsdag. Til dømes om du skal ha ettermiddag måndag, tysdag og torsdag i tillegg til onsdag 0800-1400. Dette dømet kan du ha på den minste satsen, under 15 t/v.
6. Når du har sendt inn skjemaet, kjem det til godkjenning hjå rektor. Når søknaden er godkjent, blir det generert eit vedtak til svar.

Portalen er ope for søknad frå og med 1.april 2021. Søknadsfrist er 1.mai 2021.

Har du spørsmål, ta kontakt med skulen. Vi hjelper deg gjerne.